

Alle plassar snart fylte ved barnehagane

05.08.2008



Måndag kom Dønhaug Gardsbarnehage i gang att etter ferien. Seks barn var på plass tysdag og her leikar dei ved naustet i Stølavikjo som tilhøyrrer Dønhaug. Styrar Helene Huse Bjørnebøle sit til høgre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Alle plassar er snart fylte ved dei to barnehagane i Uskedalen ved starten av det nye barnehageåret. Førebels er 62 barn teke inn og 60 av dei bur her i bygda.



Stølen-barna har matpause. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den nye Dønhaug Gardsbarnehage har 24 barn ved starten og fleire er det ikkje plass til. Barnehagen ved Uskedalen Oppvekstsenter har førebels 38 barn. Her er det 48 plassar til disposisjon og det er ledig to heile femdagarsplassar og også nokre enkelt-dagar. Her må ein merka seg at antall barn ikkje er identisk med antall plassar. Alle dei som er teke inn til no er busett i Uskedalen – med unnatak av ein som bur på Raudstein. Dønhaug har hatt to vekers ferie og starta att måndag.

– Det har vore ein tendens til venteliste og vi har teke inn fem nye barn. Det har ikkje vore noko problem å få fylt barnehagen, opplyser styrar Helene Huse Bjørnebøle til uskedalen.no. Alle 24 ved gardsbarnehagen er frå Uskedalen med unnatak av ein som har flytt til Herøysund.

Gardsbarnehagen satsar som rimeleg er sterkt på å skapa eit harmonisk gardsmiljø og dette er dyrestatusen framfor det nye barnehageåret: To geiter, tre haner, sju flaskelam og nokre moskus-ender. Dei siste kjem snart att frå sommarferie i Enes laksepark!

Styrar Marianne L. Bjørnebøle kan melda om ein stabil arbeidsstokk. Staben er den same som før sommaren, men det blir ein viss omorganisering i det nye barnehageåret. Avdeling Stølen var tidlegare for barn mellom 0 og 4 år, men no er grensen auka til seks år.

- Før var 18 av Bamsebu-ungane inne medan 12 var ute. Men vi kjem ikkje til å ha ei rein utegruppe lenger. Vi legg opp til rullering der alle kjem ut, opplyser Marianne.

Ein hovudgrunn til omlegginga er veret.

- Sist vinter var det svært mykje vind og regn og vi hadde ikkje plass til alle inne. Vi er ikkje skremt av veret, men ved å omorganisera som opplyst sikrar vi at alle får plass inne til einkvar tid, seier styraren.

I slutten av september er barnehagen 30 år og det vil bli skikkeleg markert, lovar Marianne.

Ikkje minst er det viktig å fullføra uteleikeplassen fram til markeringa. Mellom anna står det att å få opp eit klatrestativ og leggja tak over grua. Den kommunale løyvinga kom godt med og det gjorde også dugnadsinnsatsen til Musland Maskin. Det blir ein god og spanande leikeplass.

I tillegg er det også på gang ei fornying inne og det blir ein god del nye leiker.

Av Ola Matti Mathisen



Styrar Marianne L. Bjørnebøle satsar mot 30-årsmarkering. (Foto: Ola Matti Mathisen)